

ORDENSREGLAR I KLASSEN

Gjeld både inne- og utetimar

1. FORSEINTKOMMING TIL TIMANE

Elevane må vera på plass når timen byrjar. Forseintkomming forstyrrer undervisninga. Elevar som kjem for seint til timen får ein merknad i orden. Kjem eleven meir enn 15 min. for seint til timen, får han/ho 1 time frávær. Det skal takast omsyn til lovlege grunnar til forseintkomming.

2. RUSMIDDEL / MEDIKAMENT

Dersom ein lærar mistenkjer at ein elev er påverka av rusmiddel/medikament **kan eleven bli utvist i inntil 2 timar. Timane vert ført som frávær.**

3. PLASSERING I KLASSEROMMET

Ein kan skifta plass i klasserommet etter samråd med kontaktlærar.

4. MAT OG DRIKKE

Det er tillate å ha med frukt, vatn og kaffi i timene. All anna mat og drikke er ikkje tillaten. Brot på dette gir merknad i åtferd.

5. LÆREBØKER OG VERNEUTSTYR

Nødvendige lærebøker og skrivesaker skal vera med til undervisingstimane, likeins verneutstyr i dei praktiske avdelingane. Eleven må på førehand få vita kva som trengst til timane. Dersom eleven ikkje har det utstyret som undervisninga krev, vert det gitt merknad i orden, og eleven kan verta utelaten frå undervisninga i dei timane det gjeld. Unødig skade på skulen sitt materiell kan, i tillegg til erstatningskrav, føre til nedsett ordenskarakter.

6. MOBILTELEFON OG PC

Bruk av mobiltelefon er forbode i timane. Mobilen skal ikkje brukast eller ligge synleg framme i timane. Bruk av PC, Ipod, Ipad, mp3 o.l. i timen skal avtalast med den einskilde læraren. Ved brot på denne regelen, vil eleven få munnleg åtvaring og merknad i åtferd. Ved gjentakning vil mobil, PC o.l. bli inndratt og innlevert til rektor fram til slutten av dagen.

7. NULLTOLERANSE FOR MOBBING – opplæringslova § 9a

Viser til handlingsplanen "Forebygging av trakassering og mobbing". Dersom det oppstår alvorlege episodar eller ein elev har vedvarande uønska åtferd skal det avhaldast oppklaringsmøte mellom elev m/følge, kontaktlærar og sosialrådgjevar.

8. RESPEKT

Eleven skal vise respekt for undervisingsmiljøet, sitta fint ved pulten og pliktar å rette seg etter læraren sine rettleiingar. Brot på dette punktet kan gi merknad i åtferd.

9. REFSINGSTILTAK OG KLAGE

9.1 Eleven skal jamnleg bli gjort kjent med talet på merknader i orden og åtferd. Det er ikkje høve til å klage på merknader.

9.2 Alvorlege og gjentatte brot på ordensreglar i klassen kan føre til utvising. Ref. skulens ordensreglement.

Tveit 08.05.2015